

TILSYNS- RAPPORT

2026

Høgskulen for grøn utvikling

Periodisk tilsyn med systematisk kvalitetsarbeid



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit statleg forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUT har eit eige styre og er fagleg uavhengig i oppgåver som gjeld akkreditering, tilsyn og evalueringar for å vurdere kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. I tillegg har NOKUT forvaltningsoppgåver på vegner av departementet.



Føremålet med verksemda til NOKUT er å sikre og fremje kvalitet i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, og å stimulere til kvalitetsutvikling som sikrar eit høgt internasjonalt nivå i utdanningstilboda ved institusjonane. NOKUTs føremål og oppgåver er forankra i universitets- og høgskulelova og fagskulelova.



NOKUT skal bidra til at samfunnet har tillit til kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Gjennom arbeidet skal NOKUT søkje å hjelpe institusjonane i kvalitetsarbeidet deira.



NOKUT bruker sakkunnige i akkrediteringar, tilsyn, evalueringar og prosjekt.

Du kan lese meir om arbeidet vårt på nokut.no.

Institusjon	Høgskulen for grøn utvikling
Sakkunnige	Tina Holtsdalen Masvik, Knut Martin Mørken, Camilla Sønstabø Thorkildsen og Jonas Tosteby
Dato for vedtak	18. juni 2026
NOKUT sitt saksnummer	26/00614



Føreord

NOKUT fører tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og skal bidra til kvalitetsutvikling ved institusjonane. Det gjer vi blant anna gjennom å føre tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved institusjonane. Periodisk tilsyn med kvalitetsarbeid ved universitet og høgskular er heimla i universitets- og høgskulelova § 3-6 og utdjupa i universitets- og høgskuleforskrifta §§ 1-7 og 1-8. Føremålet med tilsyna er både å kontrollere at institusjonane oppfyller desse krava, og å bidra til vidare utvikling av kvalitetsarbeidet. NOKUT sitt arbeid er òg forankra i dei felles europeiske standardane og retningslinjene for kvalitetssikring i høgare utdanning (ESG). Alle norske universitet og høgskular er pålagde å ha dokumenterte interne system for kvalitetssikring av utdanningane. Det skal ikkje gå meir enn åtte år mellom kvart tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved ein institusjon.

NOKUT førte tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen for grøn utvikling (HGUt) i 2024. På bakgrunn av vurderingane til den sakkunnige komiteen gjorde styret i NOKUT følgjande vedtak 12. desember 2024:

Styret merker seg at høgskulen tilsynelatande står på staden kvil i dei same utviklingsprosessane no som under tilsynet i 2019/20, og er svært bekymra for situasjonen ved høgskulen. Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen for grøn utvikling har vesentlege manglar. Høgskulen for grøn utvikling må rette opp i dei påpeikte manglane i universitets- og høgskulelova § 10-1 (3), studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) og studietilsynsforskrifta § 4-1 (1), § 4-1 (3) og § 4-1 (4). Frist for oppretting er 12. desember 2025.

HGUt leverte dokumentasjon på oppretting innan fristen. Vinteren 2025/26 har den sakkunnige komiteen vurdert HGUt sin dokumentasjon på oppretting av manglane. I vurderingane har komiteen lagt dei nye krava til kvalitetssystem og kvalitetsarbeid i universitets- og høgskuleforskrifta, som trådte i kraft 1. januar 2025, til grunn for sine sakkunnige vurderingar.

Denne tilsynsrapporten inneheld innstillinga frå den sakkunnige komiteen. HGUt fekk moglegheit til å sende NOKUT ei offentleg uttale til innstillinga, men ønskte ikkje det. Den sakkunnige innstillinga var grunnlaget for handsaminga i NOKUT sitt styre 18. juni 2026.

Styret vedtok følgjande:

Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen for grøn utvikling er tilfredsstillande. Alle krava til kvalitetssystem og kvalitetsarbeid i universitets- og høgskuleforskrifta §§ 1-7 og 1-8 er oppfylte.

Eva Refsdal og Anne Karine Sørskår har vore NOKUT sine sakshandsamarar i tilsynet. NOKUT takkar den sakkunnige komiteen for vel utført arbeid. Vi vil òg takke studentar og tilsette ved HGUt som har bidratt til komiteen sitt arbeid gjennom å dokumentere kvalitetsarbeidet og delta på intervju under institusjonsbesøket.

Oslo, 18. juni 2026
Kristin Vinje

Abstract

The Norwegian National Agency for Quality Assurance in Education (NOKUT) was established in 2003 with the mandate to review both the quality practices and the quality assurance systems at the country's higher education institutions. NOKUT abides by the European Standards and Guidelines for Quality Assurance in Higher Education (ESG). The periodic reviews are mandated in Section 3-6 of the Universities and University Colleges Act and further elaborated in Chapter 1 of the Regulations relating to Universities and University Colleges.

Each institution gets called upon for the periodic review every six to eight years. NOKUT appoints expert committees for these reviews who, in the first phase, examine targeted documentation from each institution, consisting of strategy, framework and implementation of internal quality assurance systems and systematic quality work. The second phase is a site visit where the committee interviews key stakeholders such as the leadership group, relevant faculty members, administrative staff and students. If the expert committee concludes that the institution falls short of the ESG criteria as operationalised in the laws and acts, i.e., non-compliant, NOKUT might limit the institutions' accreditation rights.

Høgskulen for grøn utvikling (HGUt) is a private university college located in southwestern Norway. It is organised as a foundation and funded through income from research assignments, tuition fees and public funding. HGUt offers a single bachelor's programme in innovation and regenerative development. It also offers modules from the degree as standalone courses with 30 or 60 ECTS. In the autumn term of 2025, HGUt had 22 registered students and five staff members, including the rector. HGUt offers blended learning, and students can choose between on-campus or online attendance (via Teams), as well as between full-time and part-time study.

NOKUT conducted its fourth review of HGUt in 2024. The expert committee concluded that HGUt's quality assurance practices were not compliant with the national regulations. The identified shortcomings were: 1) insufficient documentation of HGUt's work on the student learning experience; 2) a lack of periodic programme reviews; 3) a lack of a clear strategic alignment of the quality work; 4) inadequate routines for the systematic control of the course portfolio to ensure compliance with the accreditation criteria for study programmes and 5) a lack of systematised retrieval of information from external sources.

HGUt was given 12 months to document that all legal requirements were met, and NOKUT conducted a new full review of HGUt's quality practices and quality assurance system in 2026. Following its assessment of the documentation submitted in December 2025, the expert committee finds that HGUt has implemented considerable and appropriate measures to improve both its internal quality assurance system and the systematic quality work. The committee concludes that HGUt now meets all the legal requirements.

Innhald

1 Om tilsynet ved Høgskulen for grøn utvikling	6
2 Om Høgskulen for grøn utvikling og organiseringa av kvalitetsarbeidet.....	7
2.1 Høgskulen for grøn utvikling	7
2.2 Organiseringa av kvalitetsarbeidet	8
3 Vurdering av krava til kvalitetssystem og kvalitetsarbeid	12
3.1 Kvalitetssystemet.....	12
3.2 Strategisk arbeid	17
3.3 Forankring	19
3.4 Medverknad.....	21
3.5 Innhenting og bruk av informasjon.....	23
3.6 Systematisk kontroll.....	25
3.7 Periodisk evaluering.....	28
4 Komiteen sin samla konklusjon	30
5 Råd til vidareutvikling av kvalitetsarbeidet	31

1 Om tilsynet ved Høgskulen for grøn utvikling

NOKUT førte tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen for grøn utvikling (HGUT) i 2024. I tråd med den sakkunnige komiteen si innstilling gjorde styret i NOKUT 12. desember 2024 vedtak om at det systematiske kvalitetsarbeidet ved HGUT hadde vesentlege manglar.

Når styret i NOKUT gjer vedtak om at kvalitetsarbeidet ved ein institusjon har vesentlege manglar, får institusjonen tolv månader på seg til å dokumentere at alle gjeldande krav til kvalitetsarbeid er oppfylte. Ved tilsynet i 2024 vurderte den sakkunnige komiteen kvalitetsarbeidet ved HGUT opp mot dei den gongen gjeldande krava i universitets- og høgskulelova, studiekvalitetsforskrifta og studietilsynsforskrifta. Frå og med 1. januar 2025 er dei gamle krava erstatta med nye krav til kvalitetssystem og kvalitetsarbeid i universitets- og høgskuleforskrifta §§ 1-7 og 1-8. Ved opprettinga i 2025/26 har komiteen lagt dei nye krava i universitets- og høgskuleforskrifta til grunn for sine sakkunnige vurderingar.

HGUT sende inn sin dokumentasjon på oppretting innan fristen, og med unntak av den sakkunnige studenten oppnemnde NOKUT den same sakkunnige komiteen som i 2024 til å gjere dei sakkunnige vurderingane. Den sakkunnige komiteen som har vurdert kvalitetsarbeidet til HGUT i opprettingstilsynet, har hatt følgjande samansetting:

- Knut Martin Mørken, prodekan for utdanning ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultetet ved Universitetet i Oslo (leiar for komiteen)
- Camilla Sønstabø Thorkildsen, seksjonssjef i studie- og FoU-seksjonen ved Noregs musikkhøgskule
- Jonas Tosteby, viserektor for utdanning ved Högskolan Dalarna i Sverige
- Tina Holtsdalen Masvik, student ved OsloMet – storbyuniversitetet

NOKUT gjennomførte institusjonsbesøk ved høgskulen 12. mars 2026, og komiteen intervjuar rektor/studieprogramleiar, administrasjonsansvarleg, studentar med og utan tillitsvern, dei tre emneansvarlege, eksterne medlemmar av komiteen for periodisk evaluering og eksterne representantar frå styret. Komiteen leverte si innstilling til NOKUT 22. april 2026.

Vurderingane til den sakkunnige komiteen er baserte på dokumentasjon frå institusjonen og intervjuar under institusjonsbesøket. Oversikt over den skriftlege dokumentasjonen er tilgjengeleg i elnnsyn – offentleg elektronisk postjournal.

2 Om Høgskulen for grøn utvikling og organiseringa av kvalitetsarbeidet

2.1 Høgskulen for grøn utvikling

Høgskulen for grøn utvikling (HGUt) er ein privat høgskule som held til i Bryne i Rogaland. Historia til høgskulen starta med etableringa av Høgskulen på Jæren i 2001, som i 2002 fekk godkjenning frå Utdannings- og forskingsdepartementet for to årseiningar som tidlegare vart tilbodne med andre høgskular som eksamensansvarlege. Høgskulen skifta namn til Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB) i 2012.

Fram til årsskiftet 2019/20 var høgskulen organisert som eit samvirke med om lag hundre andelseigarar og med årsmøtet som øvste organ. På grunn av krav i universitets- og høgskulelova om at private universitet og høgskular skal vere aksjeselskap eller stiftingar, men òg for å sikre sjølvstende og akademisk fridom i forskings- og utdanningsarbeidet, endra høgskulen både organisasjonsform og namn til Høgskulen for grøn utvikling – stiftelse, med verknad frå 1. januar 2020. Høgskulen sitt øvste organ er no høgskulestyret. Rektor har styrt den daglege drifta både før og etter organisasjonsendringa. HGUt er finansiert gjennom inntekter frå oppdrag innan FoU-verksemda, skulepengar frå studentane og statstilskot.

I 2005 fekk høgskulen akkreditert tre årseiningar av NOKUT, og på grunnlag av desse årseiningane gav Kunnskapsdepartementet i 2010 høgskulen rett til å tildele bachelorgrad. Bachelorprogrammet heitte først *bachelor i bygdeutvikling*, men har sidan endra namn til *bachelor i nyskaping og samfunnsutvikling* og deretter til *bachelor i nyskaping og regenerativ utvikling* (frå januar 2020). I tillegg til bachelorprogrammet tilbyr høgskulen ulike enkeltemne som òg inngår i bachelorprogrammet, på 30 og 60 studiepoeng. Høgskulen tilbyr òg kortare emne på 10 studiepoeng på bestilling.

Hausten 2025 hadde HGUt 22 registrerte studentar og fem tilsette: rektor, éin administrativt tilsett og tre som er tilsette i faglege stillingar. Undervisinga er samlingsbasert, og studentane kan velje mellom fysisk deltaking på studiestaden og digital deltaking via Teams, noko som gjer studietilbodet tilgjengeleg for studentar frå heile landet. Utdanninga kan gjennomførast på heiltid eller deltid.

HGUt og NOKUT

NOKUT har tidlegare evaluert høgskulen sitt kvalitetssystem. I oktober 2008 vedtok styret i NOKUT at systemet for kvalitetssikring ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar ikkje kunne godkjennast. Etter ny evaluering godkjende NOKUT systemet i februar 2010. I evalueringa som gjekk føre seg i 2016, fekk høgskulen vesentlege manglar og eitt år på seg til vidareutvikling. NOKUT-styret vedtok at når dokumentasjonen kom inn, skulle NOKUT sette i verk tilsyn med institusjonen sitt systematiske kvalitetsarbeid i tråd med dei på det tidspunktet (2017) gjeldande krava. I 2019/20 var høgskulen difor gjennom eit fullt tilsyn etter ny studietilsynsforskrift av 2017, i staden for å få evaluert oppretting av manglane i

kvalitetssystemet etter regelverket som gjaldt i 2016. Komiteen fann enkelte manglar, og NOKUT sitt styre vedtok i juni 2019 at Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling fekk opprettingsfrist til 1. mars 2020. Ved vurdering av dokumentasjon på oppretting i 2020 fann komiteen at høgskulen ikkje hadde retta opp manglane i det systematiske kvalitetsarbeidet, og NOKUT sitt styre konkluderte med at det systematiske kvalitetsarbeidet ikkje var tilfredsstillande.

NOKUT førte igjen tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved HGUt i 2024. Den 12. desember 2024 gjorde styret i NOKUT vedtak om at kvalitetsarbeidet hadde vesentlege manglar, og HGUt fekk frist på tolv månader til å dokumentere at manglane var retta opp.

Som høgskule utan institusjonsakkreditering kan ikkje HGUt sjølv akkreditere nye studietilbod eller gjere vesentlege endringar i eksisterande studietilbod. HGUt må søke NOKUT om akkreditering av nye studietilbod og om godkjenning av vesentlege endringar i eksisterande studietilbod. Så lenge kvalitetsarbeidet ikkje er godkjent av NOKUT, kan ikkje høgskulen søke om akkreditering av nye studietilbod eller av institusjonen.

I 2013 gjennomførte NOKUT revideringar av *bachelor i bygdeutvikling* og av årseininga *husdyrproduksjon*. I rapporten konkluderer NOKUT med at studietilbodet *bachelor i bygdeutvikling* oppfyller krava i studietilsynsforskrifta.

I 2016 søkte høgskulen om akkreditering av ein fellesgrad på masternivå saman med Riga Technical University og Charles University Prague. Søknaden vart administrativt avvist fordi han ikkje hadde nok dokumentasjon til at sakkunnige kunne gjere ei vurdering. Høgskulen fekk grundige tilbakemeldingar og rettleiing for enkelte av krava, og NOKUT gav høgskulen varsel om søknadskarantene. Året etter søkte høgskulen om akkreditering av den same fellesgraden, men også den søknaden vart administrativt avvist. Samstundes fekk høgskulen søknadskarantene på seks månader.

I 2016 søkte høgskulen òg om akkreditering som høgskule. Søknaden vart administrativt avvist av NOKUT, sidan høgskulen ikkje oppfylte kravet i universitets- og høgskulelova om at eit styre skal vere ansvarleg for verksemda. Ved søknad om institusjonsakkreditering gjeld universitets- og høgskulelova over lov om samvirkeforetak, og årsmøtet kan ikkje vere det øvste organet for ein høgskule.

2.2 Organiseringa av kvalitetsarbeidet

Kvalitetssystemet

Hovuddokumentet i HGUt sitt kvalitetssystem er systemskildringa, som vart utvikla i løpet av opprettingsperioden og godkjend av styret 10. november 2025. I innleiinga til systemskildringa heiter det at det systematiske kvalitetsarbeidet ved HGUt skal sikre at studietilboda oppfyller eksterne krav og vert vidareutvikla i tråd med interne mål. Vidare heiter det at kvalitetsarbeidet er forankra i HGUt sin strategiplan og den årlege kvalitetsrapporten, som utgjer dei sentrale styringsdokumenta.

Sjølve systemskildringa gjev ei oversikt over

- ansvarsfordeling for ulike roller, råd og utval
- rapporteringslinjer
- organisasjonskart
- kjelder i kvalitetsarbeidet
- rutinar for informasjonsinnhenting, analyse og oppfølging
- rutinar for interne og eksterne evalueringar
- ordningar for systematisk kontroll med krava til akkreditering og for vidareutvikling av kvaliteten i studietilboda
- arbeidet med læringsmiljø
- årshjul for utvala og ulike aktivitetar i kvalitetsarbeidet

Det praktiske kvalitetsarbeidet er organisert i ei kvalitetssløyfe i tre fasar:

1. **Innhenting av informasjon:** Data og erfaringar skal samlast inn frå interne og eksterne kjelder. Strategiplanen med tilhøyrande kvalitetsområde skal vere retningsgivande for innhentinga av informasjon.
2. **Analyse og tiltak:** Funn skal vurderast, tiltak foreslåast og ansvar fordelast, og det skal utarbeidast ein tiltaksplan. Mål og tiltak frå føregåande år skal vurderast og analyserast for å sikre læring, forbetring og kontinuitet.
3. **Oppfølging:** Kvalitetsarbeidet skal følgjast opp i utvala og i styret. Styret skal fatte avgjerder om tiltak og fordeling av ansvar innan gitte fristar.

I tillegg til systemskildringa inneheld kvalitetssystemet til HGUt eit eige dokument med i alt 19 rutineskildringar for dei ulike prosessane i kvalitetsarbeidet og for arbeidet i utvala. Rutinane inneheld detaljert informasjon om korleis utvala skal arbeide, om korleis prosessane skal gå føre seg, og om kven som er ansvarleg for dei ulike trinna i gjennomføringa. HGUt har òg utvikla eit mandat for læringsmiljøutvalet og malar som skal verte nytta i dei ulike kvalitetsprosessane.

Kvalitetsområde

HGUt har formulert tre strategiske kvalitetsområde som skal gje mål og retning for det systematiske kvalitetsarbeidet:

- **Studentrekruttering:** HGUt vil satse på ein heilskapleg og kostnadseffektiv rekrutteringsstrategi som både styrker synlegheita og framhevar fleksibiliteten i studietilbodet.
- **Læringsmiljø:** HGUt har som mål å styrkje den digitale kompetansen hos både studentar og tilsette og sikre at pedagogiske verktøy og metodar fremjar eit engasjerande og effektivt læringsmiljø.
- **Samfunnsrelevans:** Kvalitetsområdet skal sikre at utdanninga har ein tydeleg nyskapande og regenerativ brodd, samstundes som utviklinga av programmet skjer i samsvar med utviklingstrekk og behov i samfunnet. Utdanninga skal vere forskingsbasert og tett knytt til HGUt sine lokale, nasjonale og internasjonale forskings- og utviklingsprosjekt.

Kvalitetsområda er formulerte i strategiplanen og heng tett saman med dei strategiske målsettingane til HGUT.

Ansvar og oppgåver i kvalitetsarbeidet

Rektor har det overordna ansvaret for den daglege drifta og den kontinuerlege utviklinga av kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet. I samarbeid med administrasjonen skal rektor sikre at systemet fungerer etter hensikta, og at avvik og forbetningsbehov som vert avdekte, vert følgde opp på ein systematisk måte. Rektor skal rapportere jamleg til styret og involvere administrasjonen i rapporteringa når det er relevant. Vidare har rektor ansvaret for at tilsette og studentar er godt kjende med kvalitetsarbeidet, og rektor skal aktivt leggje til rette for deltaking for å styrkje felles forståing, eigarskap og engasjement for utdanningskvalitet.

Administrasjonen har hovudansvaret for å følgje opp årshjulet for kvalitetsarbeidet og for offentleg rapportering, dokumentasjon og arkivering. Administrasjonen skal rapportere til rektor og til styret når det er aktuelt.

Studieprogramansvarleg (per i dag rektor) har ansvaret for planlegging, gjennomføring, evaluering og systematisk kontroll med bachelorprogrammet, og for vidareutvikling av kvaliteten av studieprogrammet.

Emneansvarlege har ansvar for planlegging, gjennomføring, evaluering og vidareutvikling av kvaliteten i sine respektive emne. Dersom emnet inngår i bachelorprogrammet, skal emneansvarleg også bidra i evaluering av programmet. Dei emneansvarlege skal rapportere til rektor og eventuelt administrasjonen, som skal stå for dokumentasjon og offentleg rapportering.

Studentane ved HGUT er representerte i LMU og i styret og skal delta i evalueringar og undersøkingar.

Råd og utval


Styret er det øvste organet og har det overordna ansvaret for tilsyn med og godkjenning av kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet til HGUT. Styremøta er høgskulen sitt øvste avgjerdsorgan og skal sikre forsvarleg drift, oppfølging og strategisk utvikling i tråd med universitets- og høgskulelova, høgskulen sine vedtekter og strategien. Styret består av ekstern styreleiar, tre andre eksterne representantar, éin representant frå dei fagleg tilsette og éin representant frå studentrådet. Rektor, administrativt tilsett og ein vararepresentant for dei fagleg tilsette skal delta i møta, men har ikkje stemmerett. Styret har faste punkt for møta og skal blant anna handsame årsrapporten om kvalitet i utdanninga og saker som gjeld læringsmiljø, rapportering, kvalitetsarbeid og kvalitetssystemet.

KALV (kompetanse, administrasjon, læring og vurdering) er eit rådgjevande utval som skal bidra til utvikling og sikring av høgskulen si utdanning og vere ein arena for systematisk oppfølging av forskning og utvikling, faglege og administrative spørsmål og kvalitetsarbeid. KALV består av alle dei fast tilsette ved HGUT. Rektor deltek på møta, som skal haldast kvar

eller annankvar månad. Samandrag av referata frå KALV-møta skal inngå i årsrapporten om kvalitet i utdanninga.

Læringsmiljøutvalet (LMU) er eit lovpålagt organ som består av to tilsette og to studentar. Dei tilsette skal veljast for to år, medan studentane skal veljast av studentrådet og sitte ut sine tillitsverv. Leiarvervet skal veksle årleg mellom ein tilsett og ein student. Utvalet har ei rådgjevande rolle overfor styret og skal arbeide etter eit mandat som er vedteke av styret. LMU skal bidra til at studentane ved HGUt har eit læringsmiljø som ivaretek helse, tryggleik og velferd. Samandrag av referata frå LMU-møta skal inngå i årsrapporten om kvalitet i utdanninga.

Studentrådet er studentane sitt eige organ. Rådet skal representere studentane sine interesser overfor fagleg og administrativ leiing, vere eit bindeledd til LMU, gje innspel til organiseringa av studia og læringsmiljøet og bidra til eit sosialt miljø blant studentane. Studentrådet skal bestå av éin tillitsvald og éin vara frå kvar av klassane / kvart av trinna og verte konstituert kvar haust med val av leiar, nestleiar og eventuelt sekretær. HGUt tilrår at leiar og nestleiar er studentrepresentantar i høvesvis styret og LMU, og at rådet har minst eitt møte i semesteret, gjerne i forkant av møta i LMU. Samandrag av møta i studentrådet skal inngå i årsrapporten om kvalitet i utdanninga.



Figur 1. HGUt sitt organisasjonskart med utvalsstruktur

3 Vurdering av krava til kvalitetssystem og kvalitetsarbeid

3.1 Kvalitetssystemet

Universitets- og høgskuleforskrifta § 1-7

Institusjonen skal ha et kvalitetssystem som er skriftlig og tilgjengelig, og som gjelder for alle institusjonens studietilbud. Systemet skal minst bestå av følgende:

- a. beskrivelse av ansvarsforholdene, rapporteringslinjene og hvordan kvalitetsarbeidet skal gjennomføres i praksis
- b. institusjonens rutiner for systematisk kontroll med, og videreutvikling av, kvaliteten i studietilbudene, herunder rutiner for å sikre tilstrekkelig dokumentasjon av kvalitetsarbeidet og rutiner for å rette opp sviktende kvalitet innen rimelig tid
- c. beskrivelse av institusjonens arbeid med læringsmiljø, jf. universitets- og høyskoleloven § 10-1 tredje ledd
- d. beskrivelse av institusjonens rutiner for studentevalueringer, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-5 første ledd annet punktum.

Tolking av kravet

Føremålet med universitets- og høgskuleforskrifta § 1-7 er å seie kva institusjonen sitt kvalitetssystem minst må bestå av for å kunne verte vurdert som tilfredsstillande, jf. universitets- og høgskulelova § 3-6 første ledd. Føresegna presiserer at eit kvalitetssystem må vere skriftleggjort og tilgjengeleg, og at systemet må gjelde for alle studietilboda til institusjonen.

Sakkunnig vurdering

Som det går fram av kapittel 2.2, består HGUt sitt kvalitetssystem av ei systemskildring og ei rekkje tilhøyrande mandat, rutinar og malar. Dei tilsette har ei eiga intern mappe i Teams der alle relevante dokument er lett tilgjengelege, medan studentar og eksterne aktørar får tilgang til dei dokumenta som er relevante for dei. Systemskildringa og strategien, som inneheld strategiske målsettingar for kvalitetsarbeidet og kvalitetsområda, er også tilgjengelege på nettstaden til HGUt. Kvalitetssystemet omfattar både bachelorprogrammet og årseiningane høgskulen tilbyr, og gjeld med det for alle studietilboda til HGUt.

Komiteen har merka seg at nokre dokument manglar vedtaksdato eller dato for gjennomføring, som til dømes mandatet til LMU og dei to sjekklister som vart utfylte i samband med den systematiske kontrollen i 2025. Komiteen rådar HGUt til å ha ekstra merksemd på denne delen av dokumenteringa av kvalitetsarbeidet, slik at det vert lettare for alle som treng eller ønskjer det, å følge gangen i dei ulike prosessane i kvalitetsarbeidet.

a. Ansvarsforhold, rapporteringslinjer og praktisk gjennomføring

Komiteen vurderer at kvalitetssystemet inneheld tilstrekkeleg informasjon om **ansvarsforholda og rapporteringslinjene** i kvalitetsarbeidet. Systemskildringa har ei kortfatta liste over dei ulike rollene og utvala i kvalitetsarbeidet, der noko informasjon om ansvar og rapportering kjem fram. Vidare er ansvarsforholda utdjupa i ei eiga kolonne i årshjulet i kapittel 5 i systemskildringa, i mandatet for LMU og i eit eige punkt i dei ulike rutineskildringane for utvala og kvalitetsprosessane. Årshjulet og særleg rutineskildringane inneheld òg informasjon om rapporteringslinjene. Komiteen meiner at informasjonen om ansvarsforhold og rapporteringslinjer er tydeleg, og at kvalitetssystemet gjev dei ulike rollene gode føresetnader for å forstå korleis ansvaret er fordelt, og kven som rapporterer på kva og til kven.

Når det gjeld korleis kvalitetsarbeidet skal **gjennomførast i praksis**, viser HGUt til kvalitetssløyfa i tre fasar: 1) innhenting av informasjon, 2) analyse og tiltak og 3) oppfølging. Kvalitetssløyfa er overordna og gjeld for alle prosessane i kvalitetsarbeidet. Komiteen meiner at det tidlegare nemnde rutine-dokumentet gjev alle som treng det, ei god oversikt over korleis dei ulike kvalitetsprosessane skal gjennomførast, korleis utvala skal arbeide, korleis dei styrande dokumenta skal haldast ved like, og korleis arbeidet med årsrapporten om kvalitet i utdanninga skal gå føre seg.

b. Rutinar for kontroll og vidareutvikling

Kapittel 3 i systemskildringa, «Systematisk kontroll og vidareutvikling», skildrar kva for ordningar HGUt har for systematisk kontroll av studietilboda opp mot forskriftskrava til akkreditering av studietilbod og for vidareutvikling av kvaliteten i studietilboda.

HGUt har utvikla ein eigen **rutine for den systematiske kontrollen**. Rutinen inneheld informasjon om føremålet med kontrollen, om kva verktøy og metode som skal nyttast, om ansvarsfordelinga og om sjølve gjennomføringa av kontrollen. I tråd med rutinen er føremålet å sikre at studietilboda til ei kvar tid tilfredsstillar akkrediteringskrava i universitets- og høgskuleforskrifta §§ 1-11, 1-12 og 1-13. For den systematiske kontrollen har høgskulen utarbeida ei sjekklister. Sjekklister inneheld ein kolonne med alle forskriftskrava i dei nemnde paragrafane, ein for vurdering av oppfylting (grønt, gult og raudt), ein for grunngjeving og ein for tidsramme for eventuelle tiltak. Krav som vert vurderte som gule eller raude, skal følgjast opp. I systemskildringa står det at sjølv om sjekklister først og fremst skal vere eit verktøy for å kontrollere at studietilboda oppfyller krava til akkreditering, så kan bruken av sjekklister òg bidra til vidareutvikling av kvaliteten.

Ifølgje rutinen kan dei emneansvarlege fyller ut sjekklister for sine emne fortløpande eller i slutten av studieåret. Etter eksamen i juni skal KALV gå gjennom sjekklister på programnivå, saman med sjekklister for emna. Manglar og avvik skal dokumenterast, og gule og raude avvik skal følgjast opp med tiltak innan fastsette tidsrammer. Dei utfylte sjekklister skal arkiverast, og oppfølginga skal rapporterast i den årlege kvalitetsrapporten til styret. Planlagde endringar i studietilboda skal behandlast som eiga sak i KALV.

Komiteen meiner at HGUt sine rutinar for den systematiske kontrollen er føremålstenlege og oversiktlege. Gjennomgangen av sjekklister i KALV er ein eigen post i årshjulet, noko som legg til rette for å sikre at den systematiske kontrollen faktisk vert gjennomført.

Den tidlegare nemnde kvalitetssløyfa skal sikre kontinuerleg **vidareutvikling av kvaliteten** i studietilboda og at sviktande kvalitet vert retta opp innan rimeleg tid. Systemskildringa viser til ei rekkje kjelder som skal gje HGUt informasjon om ulike aspekt ved utdanninga. Høgskulen har dokumentert rutineskildringar for blant anna evaluering av enkeltemne og program, periodisk evaluering, studentevalueringar og ei aluminiundersøking. Rutinen for avvikshandtering skal sikre systematisk handtering av avvik, slik at feil, manglar eller uønskte hendingar vert identifiserte, retta opp i og bruka til læring og forbetring.

Ein eigen rutine for **dokumentstyring og arkivering** skal sikre at det dokumenterte kvalitetsarbeidet ved HGUt er «oppdatert, korrekt, tilgjengelig og arkivert i tråd med gjeldende krav og praksis». Rutinen gjeld alle dokument som er relaterte til kvalitetsarbeidet, og seier at alle dokumenta skal verte merka med tittel, dato for godkjenning og eventuelt versjonsnummer. Administrasjonen har ansvaret for arkivering og vedlikehald av dokumentregisteret.

Komiteen vurderer at kvalitetssystemet til HGUt, særleg gjennom årshjulet og dei 19 ulike rutinane, legg til rette for å sikre vidareutvikling av kvaliteten i utdanninga, oppretting av sviktande kvalitet og tilstrekkeleg dokumentasjon av kvalitetsarbeidet.

c. Arbeid med læringsmiljø

Læringsmiljø er eitt av tre strategiske kvalitetsområde ved HGUt, noko komiteen meiner vitnar om at læringsmiljøet er høgt prioritert. I kapittel 4 i systemskildringa, som tek for seg HGUt sitt arbeid med læringsmiljø, står det at læringsmiljøet ved HGUt omfattar «alle forhold som påvirker studentens muligheter til å tilegne seg kunnskap, og som har betydning for deres fysiske og psykososiale helse». Saker som gjeld læringsmiljøet, skal ifølgje systemskildringa handsamast i LMU, i styret, i KALV og i eit årleg kvalitetsseminar der alle dei tilsette, representantar frå styret og studenttillitsvalde skal delta.

Læringsmiljøarbeidet skal dokumenterast gjennom referat frå møte i LMU, KALV, studentrådet og styret samt i samandraget frå det årlege kvalitetsseminaret. Referata skal samanfattast i årsrapporten om kvalitet i utdanninga.

LMU er hovudarena for handsaming av saker som gjeld læringsmiljø, og utvalet skal arbeide ut frå eit tydeleg mandat frå styret, som er dokumentert i eit eige dokument. Arbeidet med læringsmiljøet er utdjupa i mandatet og i rutinen for LMU. Ifølgje mandatet skal LMU

- arbeide målretta for eit godt og inkluderande læringsmiljø som ivaretek studentane sine fysiske, psykososiale, organisatoriske og pedagogiske behov
- sikre studentane kontroll og medrårerett i saker som gjeld læringsmiljøet, og vere ein kanal for stemma til studentane i avgjerdsprosessar
- vere pådrivar for, starte og delta i prosessar som har verknad på utviklinga av læringsmiljøet, og komme med forslag til forbetringar

- bidra til at gjeldande krav til læringsmiljø i lover og forskrifter vert følgde opp på ein systematisk og heilskapleg måte
- bidra til utvikling og kvalitetssikring av det digitale læringsmiljøet, med særleg merksemd på tilgang, studentinvolvering og digital samhandling

Det går fram av mandatet at LMU årleg skal rapportere til styret om arbeidet sitt, og at LMU ved behov kan fremje saker som gjeld læringsmiljø, for styret. Rutinen for LMU inneheld informasjon om samansetninga av LMU, møtedefrekvensen, ansvarsforholda, faste punkt på sakslista og gjennomføringa av arbeidet. Det går fram av årshjulet at LMU skal halde møte minst éin gong i semesteret, i november/desember og i mai/juni.

Ein av rutineane til HGUT omfattar såkalla SOS-øktar, som skal styrkje det digitale læringsmiljøet til studentane. Desse øktene har form av frivillige digitale samlingar for spørsmål og svar i Teams i periodar mellom samlingar, der studentane kan stille lærarane spørsmål om pensum, oppgåveskriving og andre faglege tema. Studentane som ikkje har moglegheit til å delta, kan sende inn spørsmål på førehand, og øktene kan takast opp dersom studentane ønskjer det. Emneansvarleg noterer relevante tilbakemeldingar frå studentane og tek faglege innspel med til KALV og innspel som gjeld læringsmiljø, til LMU.

I starten av kvart studieår skal alle studentane få informasjon om studentombod og høgskulen sine rutinar for varsling. På ein liten høgskule som HGUT er det naturleg nok utfordringar med anonyme varsel, men studentane kan fremje saker gjennom sine tillitsvalde eller ved å ta kontakt med den administrativt tilsette, som skal anonymisere vidare inn i KALV.

Komiteen vurderer at kvalitetssystemet til HGUT inneheld tilfredsstillande skildringar av **korleis høgskulen skal arbeide med læringsmiljøet** til studentane. All den tid så mykje av undervisningsaktiviteten ved høgskulen går føre seg digitalt, og sjølv om det er godt dekkja i strategiplanen, meiner komiteen likevel at det digitale læringsmiljøet ved HGUT med fordel kunne ha fått noko større plass i kvalitetssystemet.

d. Rutinar for studentevalueringar

Kvalitetssystemet til HGUT inneheld høgskulen sine rutinar for studentevalueringar. Studentevaluering er nemnd som éin av fleire typar evalueringar i systemskildringa, og HGUT har utarbeida ein eigen rutine for studentevalueringane, som ligg i rutine-dokumentet. I årshjulet kjem det fram at studentevalueringar av enkeltemne og studieprogram skal gjennomførast kvart år i juni, og eventuelle midtvegsevalueringar av enkeltemne i november/desember. Ifølgje rutinen for studentevalueringar er føremålet med evalueringane å

- gje studentane moglegheit til å komme med tilbakemeldingar på ulike aspekt av studia
- kartleggje erfaringar og opplevingar av utdanninga
- identifisere styrkar og område for forbetring
- understøtte kvalitetsarbeidet og bidra til vidareutvikling av kvaliteten i utdanninga

Rutinen skildrar tre ulike typar av studentevalueringar:

- Den **årlege studentevalueringa** skal gjennomførast i juni, etter ein mal som er utarbeida i samarbeid med LMU.
- Vidare kan høgskulen ved behov gjennomføre **midtvegsevaluering** i november/desember, etter ein mal som er utvikla i KALV, eventuelt i samarbeid med LMU.
- Eventuelle **samlingsevalueringar** kan gå føre seg under samlingar, ved at emneansvarleg ber om munnlege innspel på spesifikke tema, som vert sende i skriftleg form til administrasjonen for arkivering og eventuell handsaming i KALV og LMU.

Den årlege evalueringa (og midtvegsevalueringa) skal bestå av ei anonym og digital undersøking i Teams eller EasyQuest, som administrasjonen skal sende ut til alle aktive studentar. Studentane skal få ei påminning etter ei veke, og etter to veker vert ho stengd. På bakgrunn av resultatata skal administrasjonen skrive ein rapport, som skal handsamast i KALV og i LMU. Styret skal verte orientert om resultatata i den årlege kvalitetsrapporten, som skal innehalde eit samandrag som legg vekt på gjennomgåande tilbakemeldingar. Tiltak etter evalueringane skal takast inn i tiltaksplanen for kommande studieår, og dei emneansvarlege skal følgje opp tilbakemeldingane på emnenivå.

Kvalitetssystemet inneheld også rutinar for ei alumniundersøking og for periodisk evaluering av studietilboda, der studentar skal bidra.

Oppsummering av komiteen si vurdering av universitets- og høgskuleforskrifta § 1-7

Komiteen vurderer at kvalitetssystemet til HGUt inneheld tilfredsstillande skildringar av alle elementa som krava og vilkåra i § 1-7 presiserer. Komiteen vil spesielt trekkje fram årshjulet og rutinane for dei ulike prosessane og arbeidet i utvala, som bidrar med føreseielegheit og tydeleg informasjon om ansvar, oppgåver og korleis arbeidet skal gå føre seg i praksis.

Komiteen meiner at HGUt i løpet av opprettingsperioden har utvikla eit kvalitetssystem som ikkje berre er tilpassa størrelsen og eigenarten til høgskulen, men som òg bidrar til kvalitetskultur i alle ledd: styret, leiinga, dei tilsette og studentane. Komiteen meiner det er tydeleg at endringane som er innført i opprettingsperioden, gjer kvalitetsarbeidet meir overkommeleg for alle dei involverte partane, og at arbeidet vert opplevd som nyttig og føremålstenleg for HGUt.

Konklusjon

Komiteen vurderer at alle krava og vilkåra i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-7 er oppfylte.

3.2 Strategisk arbeid

Universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 første ledd

Kvalitetsarbeidet skal være del av institusjonens strategiske arbeid.

Tolking av kravet

Ordlyden i § 1-8 første ledd gjer det klart at det skal vere samanheng mellom kvalitetsarbeidet og det strategiske arbeidet til institusjonen. Institusjonen sitt kvalitetsarbeid skal omfatte målsettingar, prioriteringar, rutinar og prosedyrar som skal bidra til at institusjonen sin strategi vert realisert, og at kvalitetsarbeidet ikkje går føre seg på sida av det andre strategiske arbeidet ved institusjonen. I tillegg til å ha ei strategisk forankring skal kvalitetsarbeidet dekkje dei mest vesentlege områda som er viktige for utdanningskvaliteten ved institusjonen.

Sakkunnig vurdering

HGUt sitt strategidokument er meint som eit overordna styringsdokument som skal gje mål og retning for både det strategiske utviklingsarbeidet og det systematiske kvalitetsarbeidet. Strategidokumentet som styret vedtok 10. oktober 2025, er forankra i visjonen om at høgskulen skal vere ein leiande leverandør av regenerative utviklingsstrategiar for nyskapande og framtidretta (lokal)samfunnsutvikling.

Styret vedtok kvalitetsområda på styremøtet i februar 2025. Høgskulen valde å redusere kvalitetsområda til tre prioriterte område: 1) **studentrekruttering**, 2) **læringsmiljø** og 3) **samfunnsrelevans**. Styret har vore pådrivar i arbeidet med å kople kvalitetsområda til strategien i eitt samla dokument, med fokus på det som er viktigast for HGUt. Komiteen vurderer dette som eit godt grep. Prioriteringane er no tydelegare, og dei strategiske måla til HGUt er meir overkommelege. Høgskulen har sett konkrete delmål for dei tre kvalitetsområda, som set ei ramme for høgskulen sin årlege rapport om kvalitet og for korleis høgskulen følgjer opp kvalitetsarbeidet gjennom årsrapporten og tiltaksplanen. Etter vedtaket i styret i februar vart det gjennomført eit arbeidsseminar våren 2025, der det mellom anna vart arbeidd med å utvikle delmåla for dei tre kvalitetsområda. Komiteen har fått inntrykk av at alle dei tilsette ved høgskulen no har fått eigarskap til måla dei skal bidra til å realisere. Under institusjonsbesøket gav dei tilsette også uttrykk for at dei oppfattar strategidokumentet som så konkret at det bidrar til å halde fokus på å utvikle god kvalitet for studentane.

Årsrapporten om kvalitet for studieåret 2024/25 er strukturert rundt dei tre fokuserte kvalitetsområda. Det går fram av rapporten at både eksterne sakkunnige, styret, studentar og tilsette har vore med i arbeidet med å utvikle både kvalitetssystemet og det systematiske kvalitetsarbeidet.

Kvalitetsrapporten vart lagt fram for styret hausten 2025 og inneheld analysar av dei tre kvalitetsområda med konkrete tiltak for korleis høgskulen skal nå delmåla sine. For området læringsmiljø er det også gjort greie for fleire tiltak som høgskulen alt har gjennomført, som

til dømes «digital utetid» (at det vert gjort opptak av eksperiment utandørs), digitale kollokviegrupper og SOS-øker (spørsmål og svar i Teams-møte).

Konklusjon

Komiteen vurderer at kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 første ledd er oppfylt.

3.3 Forankring

Universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 andre ledd

Kvalitetsarbeidet skal være forankret i institusjonens styre og ledelse på alle nivåer.

Tolking av kravet

I tråd med universitets- og høgskulelova er det institusjonen sitt styre som har det øvste ansvaret for kvalitetsarbeidet. Den øvste leiinga har ei nøkkelrolle i forankringa av kvalitetsarbeidet. Ei god forankring av kvalitetsarbeidet krev at styret og leiinga på alle nivå er oppdaterte om kvaliteten i studietilboda og dei ordningane og tiltaka som vert sette i verk for å sikre og vidareutvikle utdanningskvaliteten. Styret og leiinga skal handle på bakgrunn av informasjon frå kvalitetsarbeidet. For HGUt gjeld kravet styret og rektor, som per no òg fyller rolla som ansvarleg for bachelorprogrammet.

Sakkunnig vurdering

Dokumentasjonen og samtalane under institusjonsbesøket vitnar om at HGUt har teke grep som har hatt stor innverknad på forankringa av kvalitetsarbeidet i **styret**. Styret har følgd opprettingsprosessen etter tilsynet i 2024 tett og har vorte orientert om kva som skjer i kvalitetsarbeidet, på kvart styremøte i 2025. Styret har teke ei aktiv rolle i utviklinga og forenklinga av det nye kvalitetssystemet og tok initiativ til kvalitetsseminaret som vart gjennomført i mars 2025, der styreleiar, ein av dei eksterne styrerepresentantane og studentrepresentanten i styret deltok saman med alle dei tilsette ved høgskulen. Kvalitetsrapporten var til handsaming i styret i det første møtet i haustsemesteret, og referat viser at styret kjem med forslag til forbetringar av rapporteringa, som å innføre ein halvårsrapport for å følgje med på utviklinga i arbeidet med tiltaksplanen undervegs. HGUt har dokumentert denne halvårsrapporten for tilsynet, og komiteen meiner han er eit godt grep for å følgje opp kvalitetsarbeidet i perioden mellom to kvalitetsrapportar.

Den nye eksterne styrerepresentanten har aktivt teke del i arbeidet med å slå saman den overordna strategien og strategien for kvalitetsarbeidet til éin samla strategiplan, og kvalitetsområda og dei strategiske måla har vorte diskuterte i styremøte. Vidare har styret handsama rapporten frå periodisk evaluering av bachelorprogrammet og følgd opp resultatata frå den systematiske kontrollen med forskriftskrava til akkreditering, med konkrete forslag til forbetring av kontrollen. Komiteen er ikkje i tvil om at kvalitetsarbeidet er godt forankra i det sittande styret.

Det er òg tydeleg for komiteen at kvalitetsarbeidet er forankra i **rektor** si rolle. Rektor utgjer det einaste leiarnivået under styret og har ansvaret for den kontinuerlege utviklinga av kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet. Som studieprogramansvarleg har rektor òg ansvaret for mellom anna evaluering, systematisk kontroll og vidareutvikling av kvaliteten i studieprogrammet. I samarbeid med administrasjonen skal rektor sikre at systemet fungerer etter hensikta, og at avvik og forbetningsbehov som vert avdekte, vert følgde opp på ein systematisk måte. Dokumentasjonen syner at rektor rapporterer om

kvalitetsarbeidet til styret på alle styremøta og har ansvaret for å leggje til rette for deltaking i kvalitetsarbeidet frå dei tilsette og studentane, for å styrke felles forståing, eigarskap og engasjement for kvalitet i utdanninga i heile organisasjonen.

Konklusjon

Komiteen vurderer at kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 andre ledd er oppfylt.

3.4 Medverknad

Universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 tredje ledd
Studenter og ansatte skal medvirke i kvalitetsarbeidet.

Tolking av kravet

Kravet inneber at både studentar og tilsette skal vere reelt medverkande i institusjonen sitt arbeid med å sikre og vidareutvikle kvaliteten i studietilboda. Institusjonen står fritt til å finne hensiktsmessige måtar å involvere tilsette og studentar i kvalitetsarbeidet som er tilpassa størrelsen, organiseringa, den faglege profilen og eigenarten til institusjonen, samt andre lokale behov. At studentar og tilsette er reelt medverkande i kvalitetsarbeidet, er ein viktig føresetnad for å skape kvalitetskultur. Gjennom tydelege strukturar og velorganiserte møteplassar kan institusjonen leggje grunnlaget for at både studentar og tilsette opplever eigarskap til kvalitetsarbeidet og vert aktive medspelarar i utviklinga av utdanningskvaliteten.

Sakkunnig vurdering

Det nye og forenkla kvalitetssystemet legg til rette for medverknad i kvalitetsarbeidet for heile HGUt, frå det arbeidande styret via rektor til fagleg og administrativt tilsette og studentane.

Medverknad frå studentane

HGUt legg til rette for studentdemokratiet ved høgskulen, og studentrådet er studentane sitt eige råd og deira binding til leiinga ved HGUt. Studentane er representerte med tillitsvalde i styret (leiar av studentrådet) og LMU (nestleiar og medlem i studentrådet), som er dei einaste utvala med vedtaksrett ved høgskulen. Arbeidet i LMU spelar ei sentral rolle i HGUt sitt arbeid med læringsmiljøet. Utvalet handsamar den årlege studentundersøkinga og har digitalt læringsmiljø som fast post på agendaen i møta, som finn stad minst éin gong i semesteret og elles ved behov.

Studentane deltek i ulike typar studentevalueringar, med den årlege undersøkinga i juni som den mest sentrale. Dokumentasjonen og informasjonen frå institusjonsbesøket syner at samlingsevalueringar, som er valfrie i kvalitetssystemet, i praksis vert gjennomførte ved kvar samling. I den periodiske evalueringa som vart gjennomført i vårsemesteret 2025, sat ein tidlegare og ein noverande student i evalueringskomiteen. På kvalitetsseminaret i mars 2025, som no er ein fast og årleg post i årshjulet, deltok leiaren av studentrådet på vegner av studentane. Administrasjonen fører fortløpande oversikt over tilbakemeldingar frå studentane, som vert handsama og følgde opp i KALV og eventuelt i styret og LMU.

Komiteen merkar seg òg at studentane medverkar gjennom meir eller mindre uformelle kanalar, i den løpande kontakten med dei tilsette. Sjølv om kvalitetsarbeidet er meir formalisert enn under tilsynet i 2024, meiner komiteen at det ikkje går ut over ressursane på grunn av dei gjennomførte forenklingane i systemet. Dei fleste studentane oppheld seg

ikkje fast i Bryne gjennom året, men HGUt legg godt til rette for at studentane kan kontakte representantar frå høgskulen i digitale plattformer.

Medverknad frå dei tilsette

På same måte som studentane er dei tilsette ved HGUt representerte med tillitsvalde i LMU og i styret. I tillegg er eit viktig organ for medverknad frå dei tilsette møta i KALV, der alle tilsette ved HGUt deltek. Dokumentasjonen syner at møta i KALV finn stad om lag ein gong i månaden, og faste punkt på agendaen er forskning og utvikling, studia, tilbakemeldingar og førespurnader frå studentane og kvalitetsarbeid. I referata ser komiteen at KALV handsamar resultat frå mellom anna studentevalueringar og periodisk evaluering. Alle tilsette ved HGUt deltek òg på det årlege kvalitetsseminaret.

Både dokumentasjonen og samtalene under institusjonsbesøket syner at studentane og dei tilsette har reell medverknad gjennom sine eigne fora (studentrådet og KALV), gjennom representasjon i LMU og i styret og gjennom deltaking på det årlege kvalitetsseminaret. Under institusjonsbesøket kom det fram at engasjementet i studentrådet varierer ein del frå år til år, og komiteen meiner HGUt med fordel kan vurdere ei formalisert opplæring av dei studenttillitsvalde.

Konklusjon

Komiteen vurderer at kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 tredje ledd er oppfylt.

3.5 Innhenting og bruk av informasjon

Universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 fjerde ledd

Institusjonen skal sørge for å ha tilstrekkelig informasjon til å kunne vurdere kvaliteten i alle studietilbud.

Tolking av kravet

Kravet inneber at institusjonen aktivt skal innhente og nytte relevant informasjon frå eksterne og interne kjelder i kvalitetsarbeidet sitt. Informasjonsinnhentinga skal vere systematisk, målretta og hensiktsmessig organisert, slik at både omfanget og innhaldet i kjeldene er relevante og tilstrekkelege. Det er opp til institusjonen å sørge for å ha den informasjonen som er nødvendig for å kunne gjere kvalifiserte vurderingar og analyser av kvaliteten i studietilboda sine. Kravet inneber ei forventning om at institusjonen ikkje berre *hentar inn* informasjon om kvaliteten i studietilboda, men også at informasjonen *vert nytta* til å vurdere og utvikle kvaliteten i studietilbodet, og at dette arbeidet vert dokumentert på ein hensiktsmessig måte.

Sakkunnig vurdering

Innhentinga og bruken av informasjonen som HGUt hentar inn som ein del av kvalitetsarbeidet, følger den tidlegare nemnde kvalitetssløyfa i tre fasar: 1) innhenting av informasjon, 2) analyse og tiltak og 3) oppfølging.

Informasjonsinnhenting

HGUt nyttar fleire interne og eksterne kjelder for informasjonsinnhenting, i tråd med punkt 1 i kvalitetssløyfa og kapittel 2 i systemskildringa. I tillegg til den **årlege studentevalueringa** som vert gjennomført i juni, **midtvegsevalueringa** (gjennomført hausten 2025) og **samlingsevalueringar** (sjå vurderinga under universitets- og høgskuleforskrifta § 1-7 bokstav d), hentar HGUt inn informasjon gjennom følgjande kjelder:

- emne- og studieprogramevaluering, som går føre seg i KALV i juni
- sensorrapportar
- periodisk evaluering av studietilbod, som vart gjennomført første gongen våren 2025 (sjå vurderinga under § 1-8 sjette ledd)
- systematisk kontroll med krava til akkreditering av studietilbod (sjå vurderinga under § 1-8 femte ledd)
- intervju med aktive og uteksaminerte studentar
- referat frå møte i utval og kvalitetsseminar
- tilbakemeldingar frå studentane i digitale SOS-øker
- DBH
- Studiebarometeret (når det er mange nok respondentar)

Komiteen meiner at informasjonen høgskulen hentar inn, har eit fornuftig omfang. Informasjonen er treffsikker og relevant, og innhentinga kretsar rundt HGUt sine tre

strategiske kvalitetsområde: studentrekruttering, læringsmiljø og arbeidsrelevans. Eit døme på det er malen for den årlege studentevalueringa, som inneheld to spørsmål med fritekstsvar om studentrekruttering, to om læringsmiljø og to om relevans for arbeids- og samfunnsliv, i tillegg til eit ope spørsmål om kva studentane meiner HGUt kan verte betre på. Under institusjonsbesøket fekk komiteen vite at når to eller fleire av respondentane kjem med den same tilbakemeldinga, skal HGUt agere og følgje opp.

Bruk av informasjonen

I tråd med punkta 2 og 3 i kvalitetssløyfa vert informasjonen analysert og tiltak formulerte og følgde opp. Komiteen har sett dokumentasjon på at resultat frå ulike evalueringar og undersøkingar vert diskuterte i KALV og handsama i LMU og i styret. Den årlege **kvalitetsrapporten** til styret frå studieåret 2024/25 inneheld samandrag av referat frå desse møta samt undersøkingar og evalueringar. Sidan styret peika på at det mangla analysar av fleire kjelder i den nemnde årsrapporten, har HGUt hausten 2025 utarbeida ein halvårsrapport, og i halvårsrapporten dannar desse kjeldene grunnlaget for analysar, vurderingar og tiltak innanfor dei tre kvalitetsområda. På kvalitetsområdet (digitalt) læringsmiljø er fleire tiltak gjennomførte, og status for gjennomføringa er vurdert.

Komiteen vil i denne samanhengen òg trekkje fram HGUt si oppfølging av tilbakemeldingane frå den periodiske evalueringa med eksterne deltakarar som eit eksempel på at HGUt har teke tak i informasjonen frå kvalitetsarbeidet for å vidareutvikle kvaliteten i studietilboda (sjå vurderingane under universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 sjetle ledd). Det er tydeleg ut frå dokumentasjonen og samtalar med leiinga, tilsette og styret at HGUt ser verdien av det eksterne blikket på utdanninga, og komiteen legg til grunn at høgskulen held fram arbeidet med vidareutvikling etter den periodiske evalueringa.

Etter det førre tilsynet fekk HGUt i desember 2024 eitt år på å dokumentere oppretting av manglane og at kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet oppfyller alle krava i forskrifta. Komiteen meiner at høgskulen har nytta tida godt, og ser at HGUt er i gang med fleire tiltak for å vidareutvikle kvaliteten i utdanninga.

Konklusjon

Komiteen vurderer at kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 fjerde ledd er oppfylt.

3.6 Systematisk kontroll

Universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 femte ledd

Institusjonen skal systematisk kontrollere at alle studietilbud til enhver tid oppfyller kravene til akkreditering.

Tolking av kravet

Føresegna i § 1-8 femte ledd inneber at institusjonen, i tråd med rutinar i kvalitetssystemet jf. § 1-7 bokstav b, systematisk skal kontrollere at alle studietilbud innfrir krava til akkreditering¹. Føresegna presiserer at det er krav om kontinuerleg oppfylting av akkrediteringskrava. Dette inneber at institusjonen skal ha eigna rutinar for systematisk kontroll ved akkreditering av nye studietilbud og for systematisk kontroll av eksisterande studietilbud, uavhengig av om institusjonen har mynde til å akkreditere egne studietilbud, eller om institusjonen må søkje NOKUT om akkreditering. Frekvens og omfang av kontrollane må tilpassast til kva institusjonen ser som naudsynt for å sikre at krava til ei kvar tid er oppfylte. Kva for ordningar institusjonane må ha for systematisk å kontrollere studietilboda, vil variere avhengig av institusjonen og studietilboda sine eigenartar og behov.

Sakkunnig vurdering

Akkreditering av nye studietilbud

Som høgskule utan institusjonsakkreditering må HGUT søkje NOKUT om akkreditering av alle nye studietilbud. HGUT har ein liten og stabil studieportefølje, og så vidt komiteen veit, har ikkje høgskulen planar om å søkje NOKUT om akkreditering av nye studietilbud. Ordningar for akkreditering av nye studietilbud er difor per i dag ikkje like relevante for HGUT. Slike ordningar kan vere nyttige ved framtidige søknadar om akkreditering av nye studietilbud, og dei må vere på plass før ei eventuell framtidig akkreditering som høgskule. Under institusjonsbesøket fekk komiteen inntrykk av at høgskulen no er meir oppteken av vidareutvikling, noko som kan innebære at HGUT ønskjer å utvikle tilbod som ikkje fell inn under dei akkrediteringane høgskulen allereie har.

Kontroll med eksisterande studietilbud og fagmiljø

HGUT er sjølv ansvarleg for å kontrollere at eksisterande studietilbud blir drifta og vidareutvikla i medhald av dei relevante krava til akkreditering i universitets- og

¹ Krava til akkreditering av studietilbud er fastsette i lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høgskuleloven) §§ 3-2 til 3-4 og Kunnskapsdepartementets forskrift til universitets- og høyskoleloven (universitets- og høgskuleforskrifta) §§ 1-10 til 1-18 og §§ 2-2 til 2-14, med verknad frå 1. august 2025. Forskriftskrava er i stor grad ei vidareføring av føresegnene i forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (studietilsynsforskrifta), forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning (studiekvalitetsforskrifta) og forskrift om krav til mastergrad. Krava skal vere oppfylte til ei kvar tid, både ved oppstart og under drift.

høgskuleforskrifta §§ 1-11, 1-12 og 1-13. HGUt må søkje NOKUT om godkjenning ved vesentlege endringar i allereie akkrediterte studietilbod.

Som nemnt i vurderinga av § 1-7 bokstav b nyttar HGUt ei sjekkliste for å kontrollere at høgskulen sine studietilbod oppfyller krava til akkreditering. På det kvalitetsseminaret som HGUt arrangerte i mars 2025, var oppfølging av forskriftskrava eit tema. Etter forslag frå seminaret vedtok høgskulen at forskriftskrava skal verte vurderte etter fargekodane grønt (i orden), gult (krev oppfølging) og raudt (kritisk). Sjekklista vart oppdatert etter at nye krav til akkreditering av studietilbod i universitets- og høgskuleforskrifta trådde i kraft 1. august 2025.

HGUt har lagt fram to utfylte sjekklister for systematisk kontroll av bachelorutdanninga. Den første sjekklista følgjer dei gamle forskriftskrava, og den andre kontrollen er ei ny vurdering opp mot krava i den nye forskrifta. Ingen av sjekklisene er daterte, og det kjem ikkje fram kven som har gjennomført kontrollen.

Sjekklista byggjer på at dei emneansvarlege har fylt ut sjekklister for sine emne, som også er sjølvstendige studietilbod. Om lag halvparten av studentane tek bachelorgraden, medan resten tek enkeltemne. Under institusjonsbesøket fekk komiteen inntrykk av at dei fagleg tilsette hadde god kommunikasjon seg imellom. Dei gav også uttrykk for at dei meinte at dei enkelte emna «spelar på lag» og heng godt saman, og at det er nokre kjerneelement som er basis i alle emna.

Det går fram av den første utfylte sjekklista at krava til informasjon om studietilbodet og til internasjonal studentutveksling har fått gult trafikklys (treng oppfølging). HGUt vil følge opp tilrådingar frå periodisk evaluering og informere betre om studentutveksling. For fleire av krava vert det konstatert at kravet er godt dekt per no, utan at det i kolonnen «begrunnelse for vurdering» er gjort greie for kva informasjon denne vurderinga byggjer på – også når det gjeld forhold som er omtala i den periodiske evalueringa.

Under institusjonsbesøket fekk komiteen inntrykk av at HGUt har arbeidd mykje for å sikre at det digitale tilbodet held god nok kvalitet, men det er ingen dokumentasjon å vise til eller refleksjonar rundt dette i den systematiske kontrollen. Komiteen stiller her spørsmålet om ikkje høgskulen i kontrollen av om studietilbodet til ei kvar tid oppfyller krava til akkreditering, burde ha gjort ei grundigare vurdering, både fordi studietilbodet no er blitt meir digitalt, og fordi det er sett strengare kvalifikasjonskrav til fagleg og pedagogisk kompetanse i universitets- og høgskuleforskrifta.

Alle krava til fagmiljø og kopling til forskning er vurderte som godt dekte per no, utan at det er nærare grunngiving av desse vurderingane. Berre kravet om at «[f]agmiljøet skal ha relevant og stabil kompetanse innanfor utdanning, faglig utviklingsarbeid og forskning eller kunstnerisk utviklingsarbeid», er det knytt kommentar til, og det er at kravet er vurdert som oppfylt, fordi «[h]os HGUt er alle undervisere forskere».

I sjekklista som vart fylt ut i oktober 2025, etter at nye krav i universitets- og høgskuleforskrifta trådde i kraft, vert det vist til godkjenning av den førre sjekklista der forskriftskravet er det same som før. Det er gjort ei vurdering av kravet til progresjon og

kravet om at studietilbodet skal vere utforma slik at studentane tek ei aktiv rolle i læringsprosessen. Her blir det gjort greie for at høgskulen no skal ha fokus på rolla som endringsaktør, som er eit viktig tilbakemeldingspunkt i den periodiske evalueringa. Vidare er det på grunnlag av evalueringa av studieåret 2024/25 også nedfelt at studentane skal kunne bruke meir gruppearbeid, løyse fleire praktiske oppgåver og bryte opp undervisninga med såkalla digital utetid.

Det er også gjort kort greie for kvifor HGUt vurderer kravet til organisering og infrastruktur som oppfylt. Kravet til studentutveksling har framleis gult trafikklys, og det vert vist til drøfting av dette kravet i KALV.

Sjekklista for bachelorprogrammet skal handsamast i KALV etter kvart studieår. På møte i KALV i juni 2025 var gjennomgang og utfylling av sjekklista for studieprogrammet hovudtema. Det går fram av referatet at det på møtet vart orientert om at lista no omfatta alle krava til studietilbod, og at det var innført ein trafikklysmoell, men det går ikkje fram av referatet at utvalet også diskuterte den ferdig utfylte sjekklista for studieåret 2024/25. Hausten 2025 vart det i KALV fleire gonger orientert om tiltak knytte til internasjonalisering og studentutveksling, og det var også dette dei tilsette nemnde når dei under institusjonsbesøket fekk spørsmål om kva som kom fram i den systematiske kontrollen. Det er dokumentert at KALV på møtet i oktober hadde ein gjennomgang av utfylt sjekkliste etter ny forskrift. Også på dette møtet var det mest fokus på internasjonalisering og studentutveksling.

Komiteen vurderer at den systematiske kontrollen ved HGUt er basert på faglege vurderingar. Komiteen vil likevel stille spørsmål ved kor klokt det er at dei emneansvarlege vurderer sine eigne emne og dermed sitt eige arbeid. Komiteen ser at HGUt har teke tak i studentutveksling, men kan ikkje sjå bort frå at dette er lettare å take tak i enn forhold som i større grad rettar seg mot den enkelte emneansvarlege, som for eksempel om dei fyller kvalifikasjonskrava til fagleg og pedagogisk kompetanse. Komiteen har merka seg at den eksterne evalueringskomiteen ifølgje mandatet *kan* bli beden om også å kontrollere om forskriftskrav er oppfylte, men dette var ikkje eksplisitt i mandatet til evalueringskomiteen i 2025 sjølv om fleire av dei punkta komiteen vart beden om å vurdere, til dømes samfunnsrelevans, er eit forskriftskrav.

Komiteen tilrår at HGUt vurderer om enkelte av akkrediteringskrava, som krava til fagmiljøet sin kompetanse, skal verte vurderte av eksterne ved neste periodiske evaluering. På sikt bør HGUt også vurdere om det bør vere éin person som har det overordna faglege ansvaret for sjekklisene og for kva kunnskapsgrunnlag som skal leggjast til grunn for vurderingane.

Konklusjon

Komiteen vurderer at kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 femte ledd er oppfylt.

3.7 Periodisk evaluering

Universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 sjette ledd

Institusjonen skal gjennomføre periodiske evalueringar av alle studietilbud som ledd i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten. Studenter, samt representantar fra arbeids- eller samfunnsliv og eksterne fagfeller som er relevante for studietilbudet, skal bidra i evalueringene.

Tolking av kravet

Kravet inneber at institusjonen, etter ein syklus han sjølv har fastsett, skal evaluere studietilboda sine. Evalueringane skal omfatte alle typar studietilbod, medrekna gradsgivande studium, årseiningar, vidareutdanningar og emne som ikkje inngår i eit studieprogram, og på alle nivå (bachelor, master og ph.d.). Føresegna i § 1-8 sjette ledd presiserer at det primære føremålet med periodiske evalueringar er kvalitetsutvikling. Evalueringane skal vere ein integrert del av institusjonen sitt kvalitetsarbeid og stå i samanheng med andre rutinar og prosessar i institusjonen sitt kvalitetssystem. Institusjonen skal på eigna måte involvere studentar, eksterne fagfellar og representantar frå arbeids- eller samfunnsliv som er relevante for studietilbudet, i evalueringane.

Sakkunnig vurdering

HGUt skal gjennomføre periodiske evalueringar kvart femte eller sjette år, eller oftare ved behov. Den første evalueringa vart gjennomført våren 2025. Høgskulen oppnemnde ein ekstern evalueringskomite som bestod av to representantar frå arbeidslivet (den eine ein tidlegare student), ein ekstern fagfelle frå academia og ein aktiv student. Evalueringskomiteen er dermed i tråd med dei formelle krava til representasjon.

Evalueringskomiteen fekk i oppdrag å vurdere studietilbudet i ljøs av den overordna strategien og strategien for kvalitetssikring av utdanninga, som på det tidspunktet var gjeldande for HGUt. Komiteen vart beden om spesielt å vurdere følgjande punkt:

- i kva grad studieprogrammet er samfunns- og arbeidslivsrelevant
- om læringsutbytteskildringane i programmet er fagleg oppdaterte og relevante
- om det faglege innhaldet, arbeids- og undervisningsformene og vurderingsordningane i programmet er slik at studentane kan oppnå det definerte læringsutbyttet
- i kva grad programmet er forankra i a) overordna strategi og b) strategi for kvalitetssikring

Den eksterne evalueringskomiteen leverte sin rapport 22. april 2025. Komiteen sine samla tilrådingar er kategoriserte innan fire ulike område:

- HGUt som kunnskapscenter og bachelorgraden si tyding lokalt, nasjonalt og internasjonalt
- vurdering av overordna strategiplan og strategi for kvalitetssikring av utdanninga

- studentperspektiv på strategi for kvalitetssikring av utdanninga
- studieprogrammet sin relevans for arbeids- og samfunnsliv

Representantar frå evalueringskomiteen som den sakkunnige komiteen til NOKUT hadde samtaler med under institusjonsbesøket, trakk fram følgjande punkt som viktigast for HGUT å følgje opp:

- gjere det klart for studentane kva som krevst av ein endringsagent
- medvit om bruk av undervisningsmetodar ved høgskulen
- mindre åleinegang og meir samarbeid med andre aktørar
- leggje til rette for fysiske møte med studentane
- kva høgskulen kan bidra med for å kunne tilby noko komplementært til regionen

Under institusjonsbesøket fekk den sakkunnige komiteen eit klart inntrykk både av at rapporten er ei viktig kjelde til informasjon, og at HGUT arbeider aktivt for å følgje opp tilrådingane frå evalueringskomiteen. Høgskulen er godt i gang med å implementere fleire av tiltaka som vart foreslåtte i evalueringsrapporten. Komiteen fekk òg inntrykk av at styret har både gjennomføringsevne og vilje til å prioritere mellom tiltak. Det går fram av referatet frå styremøtet i mai 2025 at styret signaliserte at eit viktig punkt å følgje opp er å utvikle tryggleik i studentane si rolle som endringsagentar. Eit anna punkt er formidling, og det står i referatet at HGUT har planar om å rekruttere ein formidlingsaktør, noko som òg vart stadfesta under institusjonsbesøket.

Både rektor og dei tilsette var opptekne av rapporten frå den periodiske evalueringa og korleis dei skulle vidareutvikle høgskulen i tråd med forslaga frå evalueringskomiteen. Rapporten har fleire gonger vore på dagsorden i dei formelle organa KALV og LMU, i tillegg til at det er gjennomført eit kvalitetsseminar som tok for seg tilrådingane i rapporten.

Konklusjon

Komiteen vurderer at krava i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 sjetle ledd er oppfylte.

4 Komiteen sin samla konklusjon

Samla konklusjon

Komiteen vurderer at kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet ved HGUt oppfyller alle krava og vilkåra i universitets- og høgskuleforskrifta §§ 1-7 og 1-8.

Komiteen sine kommentarar til konklusjonen

Gjennom dokumentasjonen på oppretting og samtalane under institusjonsbesøket har komiteen sett at det har skjedd store forandringar ved HGUt det siste året. Høgskulen har fått på plass eit nytt og forenkla kvalitetssystem som er tilpassa storleiken og eigenarten til HGUt, og som bidrar positivt til kvalitetskulturen i heile (den vesle) organisasjonen. Komiteen meiner HGUt her viser eit eksempel til etterfølging for andre små høgskular. Det er ein tydeleg samanheng mellom kvalitetsarbeidet, dei utvalde kvalitetsområda og dei strategiske måla for verksemda, og kvalitetsarbeidet er godt forankra i styret og i leiinga. Både tilsette og studentar har reell medverknad i kvalitetsarbeidet, og HGUt er i gang med periodisk evaluering med ekstern deltaking og med systematisk kontroll med krava til akkreditering av studietilbod. HGUt er òg i gang med å følgje opp fleire tiltak til vidareutvikling av kvaliteten etter dei ulike kvalitetsprosessane som har gått føre seg sidan desember 2024, og viser til klare planar for vidare oppfølging. Komiteen er ikkje i tvil om at dei grepa HGUt har tatt, legg eit godt grunnlag for eit velfungerande systematisk kvalitetsarbeid i tida som kjem.

Med det noverande styret i førarsetet føler komiteen seg trygg på at det gode arbeidet fortsett, og per no er det ikkje noko som tydar på anna. Når det er sagt, er det ikkje til å kome utanom at HGUt har ein utfordrande historikk når det gjeld kvalitetsarbeidet. Gitt denne historikken rådar komiteen NOKUT til å følgje opp HGUt tre–fire år etter at opprettingstilsynet er avslutta.

I kapittel 5 gjev komiteen HGUt råd om vidare utvikling av det systematiske kvalitetsarbeidet. Alle desse råda går ut over minstekrava i forskrifta.

5 Råd til vidareutvikling av kvalitetsarbeidet

I tillegg til å vurdere om kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet oppfyller krava i universitets- og høgskuleforskrifta §§ 1-7 og 1-8, ligg det i mandatet til komiteen å gje råd om vidareutvikling av kvalitetsarbeidet ved institusjonen.

Den sakkunnige komiteen vil gje følgjande råd til HGUt:

- HGUt bør ha ekstra merksemd på at alle dokument i kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet vert daterte og signerte, slik at det vert lettare for alle som treng eller ønskjer det, å følgje gangen i dei ulike prosessane i kvalitetsarbeidet.
- Mykje av undervisingsaktiviteten ved høgskulen går føre seg digitalt, noko som kjem godt fram i strategiplanen. Difor meiner komiteen at det digitale læringsmiljøet ved HGUt med fordel kunne ha fått noko større plass i kvalitetssystemet. I den samanhengen rådar komiteen HGUt til å inngå eit samarbeid med ein annan utdanningsinstitusjon for å kunne gje dei tilsette moglegheit for oppdatering og inspirasjon rundt pedagogisk kompetanse.
- Komiteen har inntrykk av at praksissamlingane er svært viktige for læringsmiljøet til studentane. Difor vil dei sakkunnige råde HGUt til å gjere praksissamlingane obligatoriske i utgangspunktet, men med moglegheit for fritak ved tungtvegande grunnar.
- HGUt bør vurdere å innføre ei formalisert opplæring av tillitsvalde studentar.
- Komiteen har merka seg at den eksterne komiteen for periodisk evaluering ifølgje mandatet *kan* bli beden om også å kontrollere om forskriftskrav er oppfylte, og tilrår at HGUt vurderer om enkelte av akkrediteringskrava, som krava til fagmiljøet sin kompetanse, skal verte vurderte av eksterne ved neste periodiske evaluering. På sikt bør HGUt også vurdere om det bør vere éin person som har det overordna faglege ansvaret for sjekklister og for kva kunnskapsgrunnlag som skal leggjast til grunn for vurderingane.
- Komiteen er imponert over arbeidet HGUt har lagt ned for å løfte kvalitetsarbeidet det siste året, og meiner at det viktigaste HGUt kan gjere, er å halde fram arbeidet som er sett i gang, i tråd med det nye kvalitetssystemet.



DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578, 1327 LYSAKER | [NOKUT.NO](https://www.nokut.no)